
Saksnr: 2021/26764-2
Saksbehandlar: Stig Arne Vestøl Aasland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		16.11.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		23.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

Samandrag

Kvalitetsmeldinga byggjer på kvalitets- og utviklingsplanen for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring». Måla og strategiane i denne planen byggjer på Vestland fylkeskommune sin visjon «nyskapande og berekraftig» og verdiane «modig, open og kompetent». Meldinga gir eit grunnlag for å vurdere kva tiltak skuleeigar skal prioritere for å auke kvaliteten i vidaregåande opplæring. Denne meldinga er første utgåve etter fylkessamanslåinga og er eit kunnskapsgrunnlag i arbeidet med å utvikle det første handlingsprogrammet til mål- og strategiane for den vidaregåande opplæringa i Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Opplæringslova § 13-3e; Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling:

Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget. Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga.

Føremål og innhald i Vestland fylkeskommune si kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring vart diskutert i hovudutval for opplæring og kompetanse (OPPKO) sitt møte 16. mars 2021. Ei oppsummering av diskusjonen her blei presentert i hovudutvalsmøtet den 13. april 2021, i [RS 2021/15753-1](#).

Vedtakskompetanse:

Jf. reglement for folkevalde organ og delegering skal fylkestinget vurdere om dei fastsette måla er innfridde og opplæringslova §13-3e

...Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Vil påverke økonomiske prioriteringar gjennom oppfølginga av mål og strategiar «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Tiltak som aukar fullføring i vidaregåande opplæring vil kunne betre folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Kvalitetsmeldinga er sentral i arbeidet med sektoren sin temaplan «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at Kvalitetsmeldinga del 1 og 2 blir teke til vitande.